



FLORA KOMMUNE

Kommunedelplan Florelandet Brandsøy

2020 - 2030

Konsekvensutgreiing
nye områder

Dato	25.11.2019
Status	Utkast til 1.gangs handsaming Plan- og samfunnsutvalet 10.12.19
Utarbeidd av	Anders Espeset
Kontrollert av	Marianne Grytten og Heidi Dyrøy

Innhald

Metode.....	3
Avgrensing – kva områder er konsekvensvurdert	4
Vurderingstema i KU med bruk av tilgjengeleg kunnskapsgrunnlag (tabell 2).....	6
Tilråding på bakgrunn av KU	7
Ny veg til Kystmuseet, SV3.....	8
Gravplassen med vefsamband til Båtevika, o_SKF1 og o_BGU2.....	10
Gang/sykkelsamband Båtevika-Havhesten, o_SHS	12
Utviding småbåthamn i Kanalen, BAB2	14
Turveg frå Østvika til Kystmuseet, GTD	16
Frå bustad til næring i Havikbotn, BN7	18
Kai på nordsida av Mekevika, VHS	20
Frå næring til LNF på Flateneset	22
Utviding/justering av næringsområde i Gunhildvågen	23
Hestesportsenter i Gunhildvågen, BIA1.....	24
Aktivitetsområde for hundeklubben på Nybømarka, BIA3.....	26

Naustområde i Østvika, BAB1	28
Naustområde i Gunhildvågen BAB2.....	30
Naustområde på Nordnes BAB1	32
Fortetting B1, B2, B3 + vidareføring av områderegulering Knapstadmarka BKB3	34
Bustad B3	36
Bustad Gartnerihagen, B8.....	38
Bustad Kinnvegen, B7	40
Bustad Kinnvegen, BS2.....	42
Bustad Bjørkum – Sjøvegen, B9	44
Havikbotn – frå bustad til LNF.....	46
Bustad Botnaholten vest, B14.....	47
Bustad Botnaholten aust, B16 og B17	49
Bustad Solheim, B 18	51
Bustad Solheim, B 21	53
Bustad Brandsøy B 27	55
Kombinert bebyggelse og anleggsformål Krokane, BKB 10	57
Kombinert bebyggelse og anleggsformål Krokane, BKB 11	59

Metode

Metodikken i denne konsekvensutgreiinga er utført etter *Veileder for konsekvensutredninger til kommuneplanens arealdel* (Miljøverndepartementet 2012). Kvart område er vurdert etter eit sett tema som er angitt i tabell 2. Tabellen viser og kva kunnskap som skal brukast. For kvart tema er det vurdert verdi og omfang som totalt sett gir ein konsekvens. Konsekvensen blir angitt etter følgande skala: Stor negativ konsekvens (-3), middels/usikker negativ konsekvens (-2), liten negativ konsekvens (-1), ingen konsekvens (0), positiv konsekvens (1). Trafikklys-fargane er brukt for å illustrere og gje betre oversikt (Tabell 1).

Positiv konsekvens	1
Ingen konsekvens	0
Liten negativ konsekvens	-1
Middels/usikker negativ konsekvens	-2
Stor negativ konsekvens	- 3

Tabell 1: Forklaring til verdisetting av konsekvens

Det er og utført ei Risiko og sårbarhetsanalyse (ROS-analyse) for heile kommunedelplanområdet.

Avgrensing – kva områder er konsekvensvurdert

Florelandet er eit relativt kompakt område avgrensa av sjø som inneheld eit vidt spekter av tiltak og arealformål. Plassering av sentrale funksjonar har historisk sett ikkje vore tilfeldig, men vore styrt av behov/funksjon og i større eller mindre grad etter plan. Men over tid har behova endra seg og det som tidlegare var på hensiktsmessig har seinare vist seg feil. Noko har vore enkelt å endre, andre ting har av ulike grunnar ikkje vore mogeleg å endre. Planverktøya og planstyringa har gradvis blitt betre, noko som har ført til betre og meir framtidsretta planar. Kommunedelplan Florelandet Brandsøy som vart vedtatt i 2007 var resultat av ein grundig prosess, og den har fungert svært godt som eit styringsverktøy, slik at sjølv etter 20 år vil storparten av planen ligge fast. Men vi ser at her er behov for nokre endringar. Planprogrammet for denne revideringa har difor konkludert med at følgande hovedtema skal vurderast på nytt:

- Fortetting av eksisterande bustadområde: Her er tatt for seg kvart enkelt område og vurdert dei mot relevante tema. Samtidig er og vurdert arkitektur og bukvalitet i bustadområda. Der er også gjort vurdering av utviding av nokre områder.
- Ny samanbinding fv545-548 (Havhesten-gravplassen).
- Næringsområde: Dagens næringsarealstruktur er i hovudsak god, med visse unntak. Nye områder er vurdert.
- Flytting av hestesportsenter: Då dagens plassering av hestesportsenteret er ugunstig av mange grunnar, har det i mange år vore leita etter ny lokalisering. Denne blir vurdert og lagt inn plankartet.
- I tillegg har behov for utviding av areal avsett til gravplass vore naudsynt å gjere ei grundig vurdering av korleis dette kan løysast.

Vurdering av alternative lokaliseringar er i planprosessen gjort i den grad det er relevant og mogeleg fram til no. Slike alternativvurderingar er ikkje tatt med i denne konsekvensutgreiinga. I planprogrammet var og eit sentralt tema utviding av flyplassen. Dette er så komplekst at vi har valt å trekke det ut av planen og køyre eit eige løp på det.

Vurderingstema i KU med bruk av tilgjengeleg kunnskapsgrunnlag (tabell 2)

Tema	Innhold	Kunnskapsgrunnlag
Samfunn		
Areal og transport	Oppfylle nasjonal målsetting om rasjonell arealbruk i høve til transport.	NVDB Web, krysskapasitet, vegkapasitet, gang-/sykkelvegnett, KDP Sykkel, kommuneplanens samfunnssdel, støydata fra Statens vegvesen, eksisterande regplaner
Infrastruktur og offentlige tenester	Korleis utbygginga passar inn i eksisterande og planlagt infrastruktur for veg, vatn, avlaup, skule, barnehage og anna offentleg servicetilbod	-Kart og kapasitet kommunal VA -Oversikt alle offentlege tilbod
Universell utforming	Tilrettelegging for alle brukargruppar. Tilgjenge.	-Kart, koter
Barn og unge	Konsekvensar for barn og unge sine idrettstilbod, trygg tilkomst og leike/friområde	-Oversikt skule og bh -Kartlegging av skuleveg -KDP sykkel -Områder for leik og rekreasjon
Forhold til naboar		-Bruk av kart
Miljø		
Friluftsliv og rekreasjon	Avdekke om det er frilufts og rekreasjonsinteresser i utbyggingsområde	-Lokalkunnskap -Etablerte turstinett.
Kulturminne og kulturmiljø	Eventuell konflikt mot freda eller verneverdige kulturminne eller kulturmiljø	-Askeladden -Sefrak -Lokalt registrerte krigsminner -Kommuneplanens samfunnssdel -Handlingsplan for kulturminner
Landskap	1. Vurdere ny arealbruk i området 2. Deretter evt vurdere korleis utbygginga passar inn i landskapet i området.	-Bruk av kart -Terrengmodellar -Lokalkunnskap
Naturverdiar og biologisk mangfold	Eventuell konflikt mot verdiområde for biologisk mangfold	-Fylkesatlas (denne dekker naturbase): -Naturtypekartelegging 2007 (priorerte naturtypar artsdatabanken). Område verna etter naturvernlova, Verna vassdrag og strandsone. -Artskart
Naturressursar (landbruk, skog og fiske)	Vurdering om føreslått arealbruk kjem i konflikt med landbruksareal	Bonitetskart, dyrkingsareal, lokalkunnskap.
Energibruk	Moglegheit for framtidsretta energiløysingar.	-Vurdering av energibehov -Tilgang til energikjelder; sol, vind, sjø/vatn.
Støy	Er området støyutsett?	-Støyrapportar frå tidlegare planarbeid
Luftforureining	Dårleg luftkvalitet	-Rapportar på luftkvalitet frå tidlagare planarbeid

Tilråding på bakgrunn av KU.

For det første: Får eit område positiv totalscore, så blir det automatisk tilrådd. Men generelt gir alle tiltak/utbygging totalt sett overvekt av negative konsekvensar. Spørsmålet blir då kva ein kan akseptere for at det skal kunne tilrådast. Dersom eit området får *Stor negativ konsekvens* på eit av vurderingstemaene, så er dette ei kraftig varsellampe. Får den i tillegg negativt på fleire, må ein vurdere om det er tilrådeleg. Er det i tillegg ikkje mogeleg med avbøtande tiltak, så vil vi normalt ikkje kunne tilrå. Det vil og vere avgjerande om det er eit spesifikt formål som det i ei alternativvurdering ikkje er funne andre betre lokaliseringar for. Då vil ein kunne tillate større negative konsekvensar. Dersom det er fleire like formål, t.d. bustader, så vil vi vere strengare i forhold til negative konsekvensar. Vi har ikkje sett noko nedre grense, det blir diskutert i kvart enkelt tilfelle.

Ny veg til Kystmuseet, SV3



Tema	Konsekvens	Merknad/grunngjeving	
Samfunn			
Areal og transport	Positiv +	Noverande tilkomstveg til Kystmuseet opprinnlege ein internveg i eit bustadfelt utbygd på 70 og 80-talet. Vegen er ikkje dimensjonert for store trafikkmengder, den er smal og med mange farlege og uoversiktlege kryss. Utrykningskøyrety og turistbussar har vanskar med å kome ned til museumsbygget. Ny vegtrase tar utgangspunkt i ei ferdig regulert avkjøring frå den nyleg oppdraderte fylkeskommunale Kinnvegen. Traseen går deretter "uforstyrra" fram til parkeringsplass ved Kystmuseet. Museet har behov for ein sikker veggtilkomst for varelevering og transport spesielt for rørslehemma og eldre, samt tilkomst for større turistgrupper. Hovedandelen av dei besökande er tenkt som i dag til føts/sykkel, då det er gode forhold for det.	
Infrastruktur og offentlege tenester	Positiv +	I området ligg kommunale VA-amlegg i grunnen. Slike anlegg ønsker kommunen i størst mogeleg grad skal ligg under veganlegg og anna tilsvarende infrastruktur. Det er difor gunstig å av den grunn å anlegge ein veg her.	
Universell utforming	Positiv +	Med denne løysinga vil ein kunne oppnå fullverdig krav om universell tilkomst. Detaljar vil måtte avklarast i detaljreguleringsplan.	
Barn og unge	Ingen 0	Ein ny tilkomstveg her vil betre trafikkforholda for mjuke trafikantar i området vesentleg. Ulemplen er at vegen vil gå gjennom eit grøntområde tett opp til bustadfelt på begge sider. Dette området var tidlegare mykje brukt til leik, men i dag er her ein grusveg og delvis brukt som tilkomst til	

		eigedommane. Per i dag er det ein ganske uklar blanding av grønt/leikeareal til forfall og noko trafikk.
Forhold til naboar (ikkje KU-tema, men relevant å vurdere).	Liten negativ - -	Ein veg her vil avskjere fleire eigedommar mot sjøen og sannsynlevis bruke noko av eigedommane. For 3-5 hus vil det dermed bety redusert kvalitet. På den andre sida vil også dei eigedommane sleppe direktetrafikken til Kystmuseet gjennom Brendøyvegen som er deira tilkomstveg.
Miljø		
Friuftsliv og rekreasjon	Middels/usikker negativ --	Vegen vil gå gjennom eit område avsett til friområde i overordna plan. Det vil dermed bety ein direkte reduksjon av slikt areal. Men det må nemnast at store delar av dette friområdet i dag består av gruslagte vegar som delvis blir brukt som tilkomst for bebaruar i området.
Kulturminne og kulturmiljø	Ingen 0	Det er ikkje registrert automatisk freda kulturminner i området.
Landskap	Middels/usikker negativ --	Vestre del av traseen vil følgje eit dalføre i terrenget mellom to bustadfelt og kunne føye seg godt inn/ned i terrenget. I vestre del derimot vil den måtte runde rundt eit nes tett på sjøen, og såleis redusere landskapsverdien i dette området.
Naturverdiar og biologisk mangfald	Liten negativ - -	Det er ikkje registrert viktige naturtypar eller raudlisteartar i området. Men vegen vil kunne berøre strandsona 50-100 meter.
Naturressursar (landbruk og fiske)	Ingen 0	Ingen.
Energibruk	Liten negativ - -	Betre veg vil føre til auka trafikk til Kystmuseet, noko som betyr auka energibruk.
Støy	Liten negativ - -	Vegen vil betyr at trafikk blir flytta frå internveg i bustadfelt til ein eigen veg. For nokre av eigedommane i bustadfellet vil det bety forbetring, for nokre vil det bety forverring. Med ny veg vil det bli stilt krav om støydempende tiltak. Men ein betre tilkomstveg vil og legge betre til rette for auka aktivitet ved Kystmuseet og såleis meir trafikk.
Luftforureining	Liten negativ - -	Ein betre tilkomstveg vil og legge betre til rette for auka aktivitet ved Kystmuseet og såleis meir trafikk. Resultatet kan dermed bli meir luftforeureining.
Snitt (totalscore/ant tema)	-0,38	Tilrådd. Her er dette det beste alternativet og det er mogeleg med avbøtande tiltak for å minimere dei negative konsekvensane.

Gravplassen med vegsamband til Båtevika, o_SKF1 og o_BGU2



Tema	Konsekvens	Merknad/grunngjeving
Samfunn		
Areal og transport	Positiv +	<p>Viser til eigen utgreiing om behovet for framtidig areal for gravplass, der framtidig behov er konkret dokumentert. Utviding av eksisterande gravplass er fornuftig då ein utnyttar allereie eksisterande infrastruktur.</p> <p>Bebuarane i Båtevika og området rundt har i dag tilkomstveg over bustadfeltet Kleiva med smal veg og svært bratte bakkar både opp og ned frå Kleiva. Gang og sykkeltilkomst med kortast veg til sentrum forbi gravplassen skjer i praksis delvis gjennom ein privat hage. Dette er ei svært dårlig løysing både for brukarane og denne private grunneigaren. Planframlegget legg her til rette for å vurdere både veg og gang/sykkelveg. Dessutan legg det opp til ei utbetring av den tildel uoversiktlege trafikksituasjonen ved Flora vidaregående skule.</p>
Infrastruktur og offentlege tenester		
Infrastruktur og offentlege tenester	Positiv +	Sjå over

Universell utforming	Positiv +	Å få på plass ein ny veg og/eller gang/sykkelveg til Båtevika vil det bety ei kraftig forbetring på dette feltet.
Barn og unge	Positiv +	Sjå tema areal og transport. Dette plangrepet vil tilrettelege for vesentleg betre skuleveg for barn i Båtevika og området rundt, samt betre forhold for elevane på FVS. Ulempen er at ei utviding av gravplassen vil på sikt fjerne eit relativt mykje brukte leike/akeområde.
Miljø		
Friluftsliv og rekreasjon	Positiv +	Området som blir tiltenkt utviding av gravplass vil på sikt fjerne eit relativt mykje brukte leike/akeområde. Men ein god gang/sykkelveg her vil opne opp og gjere forholda mykje betre for mange fleire enn dei som bur i området. Det etablerte turvegen over bruene til Kysmuseet vil bli lettare tilgjengeleg for mange og føre til meir bruk av denne.
Kulturminne og kulturmiljø	Ingen 0	Det er ikkje registrert automatisk freda kulturminner i området.
Landskap	Ingen 0	Utviding av eksisterande gravplass har positiv konsekvens for landskapet. Utvidinga er ei naturleg forelenging av den eksisterande gravplassen og det betyr opprusting av eit brakklag eng. Ein ny veg/gang-sykkelveg vil bli plassert naturleg i overgangen frå det flate landskapet til skrånande terrenget mot nord der bustadane ligg. Vi vurderer totalkonsekvensen, samanlagt dei positive og dei negative til å gå ut i 0.
Naturverdiar og biologisk mangfald	Ingen 0	Det er ikkje registrert viktige naturtypar eller raudlisteartar i området.
Naturressursar (landbruk og fiske)	Liten negativ -	Areal sett av til utviding av gravplass er fulldyrka jord som ikkje har vore i drift på ca 50 år. Omdisponering permanent av 10-11 da potensiell matjord er uheldig. Det formildande omstendet er at det ligg som ein isolert flekk og er uhensiktsmessig å utnytte med tradisjonell landbruksdrift. Men på den andre side kunne ein tenkt seg alternative produksjonsmåtar som parsellhagedrift eller liknande.
Energibruk	Positiv +	Utgreiinga om behov for gravareal har konkludert med at behovet for areal er naudsint. Gitt dette premisset er det fornuftig å tenke utviding fordi ein då utnyttar eksisterande strukturar, noko som gir mindre energibruk samanlikna med å etablere ein ny gravplass. Ny veg og/eller gang/sykkelveg her vil gjøre det lettare å gå/sykle for relativt mykje folk i området, samt at ein vil erstatta ein energikrevande overkjøring over Kleiva med ein relativt flat trase.
Støy	Positiv +	Ein ny veg i dette området vil påføre naboar her meir støy. Men samanlikna dagens støyproduksjon over Kleiva, så vil totaleresultatet bli vesentleg betre.
Luftforureining	Positiv +	Sjå energibruk. Resultatet vil bli vesentleg mindre luftforureining.
Snitt (totalscore/ant tema)	0,58	Tilrådd.


Gang/sykkelsamband Båtevika-Havhesten, o_SHS



Tema	Konsekvens	Merknad/grunngeiving
Samfunn		
Areal og transport	Middels/usikker negativ --	<p>Sjølv om arealet der gangvegen må gå er svært bratt rett ned i sjø store delar av strekninga. Det er difor eit svært krevande terrengrunnlag å lage ein gang/sykkelveg i. Korleis det skal løysast må avklarast i ei detaljregulering.</p> <p>Men på den klart positive sida så vil gang/sykkelveg-sambandet frå Havhesten til Båtevika opne opp for vesentleg betre forhold og auka gang/sykkelbruk mellom sørsida av Brandsøylandet og sørsida av Florelandet. Dette området er i dag i praksis heilt sperra for slik trafikk. Men for å få fullt utbytte av denne traseen, så krevast det også opparbeidning av traseen frå Båtevika forbi gravplassen (vist i førre KU-vurdering). Konsekvensen totalt sett vil vere betre forhold for, og auka gang/sykkelbruk, noko som igjen vil bety mindre bilbruk. Konkret så betyr det betre</p>

		tilkomst for mjuke trafikantar til Havhesten, Flora VGS og mellom bustadfelta og sentrum.
Infrastruktur og offentlege tenester	Positiv +	Gang/sykkelvegen vil gje betre tilgjenge for mjuke trafikantar til det offentlege badeanlegget Havhesten og Flora VGS, men elles ha liten sambrukseffekt med anna infrastruktur.
Universell utforming	Positiv +	Ny gang/sykkelveg her vil utløyse universelt utforma tilkomst til Havhesten og Flora VGS for fleire tilknytte bustadområder.
Barn og unge	Positiv +	Sjå alle tre temaene over.
Miljø		
Friluftsliv og rekreasjon	Positiv +	Ny gang/sykkelveg her vil vere ein flott turveg i seg sjøl, samt betre tilkomst til og betre nærliek til sjø og betre tilkomst til andre naturnære turområder.
Kulturminne og kulturmiljø	Middels/usikker negativ --	Gang/sykkelvegen vil komme tett på eit automatisk freda kulturminne i Båtevika. I verste fall må ein og rive eit stort gammalt naust.
Landskap	Middels/usikker negativ --	Gang/sykkelvegen vil gje ein relativt stor skjering i fjellet mellom Båtevika og Kanalen, som vil bli synleg frå fleire hald. Ein detaljreguleringsplan vil avklare dette meir konkret.
Naturverdiar og biologisk mangfald	Ingen 0	Det er ikkje registrert viktige naturtypar eller raudlisteartar i området.
Naturressursar (landbruk og fiske)	Ingen 0	Ingen
Energibruk	Positiv +	Sjå Areal og transport
Støy	Ingen 0	Gang/sykkelveg vil medføre noko støy som "prat og skrål" frå gåande og syklande for dei nærmaste naboane, men pga plassering hovedsakleg nedanfor ein bratt hammar så vurderer vi det som ubetydeleg.
Luftforureining	Positiv +	Sjå Areal og transport
Snitt (totalscore/ant tema)	0	Tilrådd.Dette er beste alternativ etter ei overordna vurdering. Her er negative konsekvensar, men dei positive overgår dei og avbøtande tiltak er mogeleg for å redusere dei negative.

Utviding småbåthamn i Kanalen, BAB2



Tema	Konsekvens	Merknad/grunngjeving
Samfunn		
Areal og transport	Positiv +	Eit utviding av båthamna på land vil gje ei betre arealutnytting av deira areal. I tillegg vil det kunne medføre mindre transportbehov til vedlikehald og lagring.
Infrastruktur og offentlege tenester	Ingen 0	Uendra.

Universell utforming	Positiv +	Ei utviding og endring av båthamna sitt areal på land vil gje betre og enklare utforming for brukarane.
Barn og unge	Ingen 0	Ikkje relevant
Miljø		
Friluftsliv og rekreasjon	Positiv +	Tiltaket vil betre forholda båtfolket og legge til rette for auka bruk av småbåt i Flora-skjærgarden.
Kulturminne og kulturmiljø	Ingen 0	Det er ikkje registrert automatisk freda kulturminner i området.
Landskap	Liten negativ -	Tiltaket vil opne for å fjerne ein fjellknus i området og dermed bety at eit markert landskapselement forsvinn. Det blir erstatta av ein bygning i om lag same omfang.
Naturverdiar og biologisk mangfald	Ingen 0	Det er ikkje registrert viktige naturtypar eller raudlisteartar i området.
Naturressursar (landbruk og fiske)	Ingen 0	Ingen.
Energibruk	Positiv +	Tiltaket vil kunne redusere transportbehovet då det vil gjøre det mogeleg å utføre meir vedlikehald og lagring på staden.
Støy	Liten negativ -	Betre forhold for båtfolket vil bety auka aktivitet og dermed noko auka støy frå området.
Luftforureining	Liten negativ -	Sjå Støy
Snitt (totalscore/ant tema)	0,08	Tilrådd.


Turveg frå Østvika til Kystmuseet, GTD



Tema	Konsekvens	Merknad/grunngjeving
Samfunn		
Areal og transport	Ingen 0	Ein turveg her vil bety enklare tilkomst for mijuke trafikantar frå beburarar frå området Sørstrand-Østvika til Kystmuseet, men skilnaden er marginal/ubetrydeleg kontra tidlegare tilkomst via Brendøyvegen.
Infrastruktur og offentlege tenester	Ingen 0	Ingen.
Universell utforming	Ingen 0	Ingen.
Barn og unge	Ingen 0	Ein turveg her vil bety betre tilkomst både opp i skogen og til og frå Kystmuseet både for barn i nabolaget og barn i Sørstrand Barnehage. Ein ulempe kan vere at ein tidlegare "urørt" natur- og leikeskog får redusert verdi med ein turveg her. Vi vurderer dermed totalkonsekvensen lik null.
Miljø		

Friluftsliv og rekreasjon	Positiv +	Sjå barn og unge. Turvegen kan bety redusert friluftsverdi av skogen i nabølaget, men vi vurderer den positive konsekvensen som større då denne turvegen vil vere eit ledd i eit større turvegsystem med mellom Havhesten via Kystmuseet og til Sørstrand Folkepark. Den vil føre til auka bruk for mange i Florø, ikkje berre dei nærmaste beboarane.
Kulturminne og kulturmiljø	Ingen 0	Det er ikkje registrert automatisk freda kulturminner i området.
Landskap	Ingen 0	Med ei god terrengetilpassing vil denne legge seg fint inn i terrenget.
Naturverdiar og biologisk mangfald	Ingen 0	Det er ikkje registrert viktige naturtypar eller raudlisteartar i området.
Naturressursar (landbruk og fiske)	Ingen 0	Ingen.
Energibruk	Ingen 0	Ingen
Støy	Ingen 0	Ingen
Airforureining	Ingen 0	Ingen
Snitt (totalscore/ant tema)	0,08	Tilrådd.


Frå bustad til næring i Havikbotn, BN7



Tema	Konsekvens	Merknad/grunngjeving
Samfunn		
Areal og transport	Middels/usikker negativ --	Det er i utgangspunktet uehdlig å blande næring og bustad. Området ligg i eit etablert bustadfelt. Formildande omstende er at det ligg for seg sjølv på sørssida av vegen og at verksemda det blir tatt høgde for er lite støyande og konfliktskapande aktivitet. Det er også ein fordel at dette ligg både tett på hovedinnfartsvegen og før inngangen til byen.
Tema	Konsekvens	Merknad/grunngjeving
Samfunn		
Infrastruktur og offentlege tenester	Liten negativ -	Ikkje kommunalt VA-system i området.
Universell utforming	Positiv +	Området har god tilkomst og kan lett stette krava til universell utforming.
Barn og unge	Liten negativ -	Det er uehdlig å ha næringstrafikk og næringssstøy i eit etablert bustadområde. Formildande omstende er at det ikkje blir tatt høgde for tung næringstrafikk.

Miljø		
Friluftsliv og rekreasjon	Ingen 0	Ikkje relevant.
Kulturminne og kulturmiljø	Ingen 0	Det er ikke registrert automatisk freda kulturminner i området.
Landskap	Ingen 0	Det skal ikke byggast nytt.
Naturverdiar og biologisk mangfald	Ingen 0	Det er ikke registrert viktige naturtypar eller raudlisteartar i området.
Naturressursar (landbruk og fiske)	Ingen 0	Ingen.
Energibruk	Ingen 0	Ikkje relevant.
Støy	Liten negativ -	Området/bygget har blitt brukt til trelastlager i mange år og aktiviteten er ikke tenkt endra i særleg grad. Men noko støy må likevel pårekna.
Luftforureining	Liten negativ -	Luftforeureining vil i hovudsak vere i forbindelse med trafikk til og frå.
Snitt (totalscore/ant tema)	-0,42	Tilrådd under tvil. I dette området er vi i ferd med å tilrå mindre bustadbygging pga nærleik til det store industriområdet på Fjord Base. Det er gode grunnar for å på lengre sikt ut bustader i heile dette området. Slik sett eignar området seg betre til næring enn bustad. På den andre side vil meir næring her påføre eksisterande bustader ekstrabelastning.

Kai på nordsida av Mekevika, VHS



Tema	Konsekvens	Merknad/grunngjeving
Samfunn		
Areal og transport	Positiv +	Ei større kai her er gunstig av fleire grunnar. Den ligg i forkant av byen og relativt tett på innfartsvegen, slik at transport/trafikk til og frå ikkje vil gå gjennom byen. Arealet til kai er gunstig då det skjerma for ver og vind og heilt skjerma mot anna bebyggelse.
Tema	Konsekvens	Merknad/grunngjeving
Samfunn		
Infrastruktur og offentlege tenester	Stor negativ ---	Her er per i dag ingen infrastruktur og offentlege tenester tett på, bortsett frå at arealet ligg relativt kort veg frå hovedinnfartsvegen.


Universell utforming	Middels/usikker negativ --	Tilkomst til området må gå over eit høgdedrag, så universell tilkomst kan vere vanskeleg å oppnå tilfredstillande. Men det vil ein detaljreguleringsplan avklare.
Barn og unge	Ingen 0	Vi kan ikkje sjå at tiltaket har relevans eller konsekvensar for barn og unge.
Miljø		
Friluftsliv og rekreasjon	Liten negativ -	Kai og vegtilkomst her vil redusere eit naturområde. I tillegg vil det redusere friluftskvaliteten i eit mykje brukturområde tett ved.
Kulturminne og kulturmiljø	Ingen 0	Det er ikkje registrert automatisk freda kulturminner i området.
Landskap	Middels/usikker negativ --	Eit større kaianlegg, bakareal og tilkomstveg vil gje konsekvensar for landskapet. Akkurat kor mykje er vanskeleg å vurdere før ein konkretiserer prosjektet gjennom ein detaljreguleringsplan. Fordelen er at den blir liggande heilt skjerma for innsyn frå folk.
Naturverdiar og biologisk mangfald	Ingen 0	Det er ikkje registrert viktige naturtypar eller raudlisteartar i området.
Naturressursar (landbruk og fiske)	Middels/usikker negativ --	Tiltaket vil i stor grad berøre jordbruksland. I kor stor grad og kva erstatningsareal det eventuelt er mogeleg å opprette veit vi ikkje før det er konkretisert gjennom detaljregulering.
Energibruk	Liten negativ -	Eit stort kaianlegg med tilkomstveg vil bruke mykje energi. Men målt opp mot alternative plasseringar vil denne vere positiv for å minimere energibruken. Dette i forhold til kort tilkomst til hovedveg, samt at anlegget ligg i forkant av byen så ein slepp kø- og tomgangskøyring.
Støy	Liten negativ -	Tiltaket vil generere til dels mykje støy. Plasseringa er imidlertid ideell då den ligg skjerma og der er ingen busetnad i nærleiken.
Luftforureining	Liten negativ -	Sjå Støy.
Snitt (totalscore/ant tema)	-1,08	Tilrådd. Dette er ei stor utbygging av stor samfunnsmessig betydning som ikkje er tenkt gjennomført på kort sikt. I Florø er behovet for kaplass stort og ein heilt sentral del av livsgrunnlaget her. Ein ser at dette på sikt kan bli mangelvare. I ei overordna vurdering er denne lokaliseringa peika ut som god pga skjerma for ver og vind og plassert før inngangen til byen. Den store negative konsekvensen på Infrastruktur og offentlege tenester kan endre seg innan bygging kan bli aktuelt.

Frå næring til LNF på Flateneset



Denne endrar vi frå Næring til LNF. Vi anser den dermed som irrelevant å KU-utgreie, då den endrar status tilbake til opprinnelag og dermed uendra bruk.

Utviding/justerering av næringsområde i Gunhildvågen



Også denne reknar vi som ikkje naudsynt å konsekvensutgreie, då det det dreier seg om ei innsnevring av eksisterande areal avsett til Næringsfrå gjeldande kommunedelplan. Biletet til venstre viser nytt planutkast, biletet til høgre viser gjeldande kommunedelplan.


Hestesportsenter i Gunhildvågen, BIA1



Tema	Konsekvens	Merknad/grunngjeving
Samfunn		
Areal og transport	Middels/usikker negativ --	Området ligg relativt skjerma til med ein veg som avgrenser mot vest og nord og skog mot sør og aust. Området ligg og tett på ein gard med relativt stor innmark og fleire driftsbygningar. Området har god veggtilkomst. Ulempen er at der ligg 3 bustadhus om lag midt i området. Det er også verdt å nemne at både i denne planprosessen og gjennom fleire år har vore vurdert fleire andre alternativer plasseringar av eit hestesportsenter.
Infrastruktur og offentlege tenester	Positiv +	Området ligg slik til at her er god tilgang til VA og straum.

Universell utforming	Positiv +	Området har god tilkomst og kan opparbeidast for universell tilkomst med små justeringar.
Barn og unge	Positiv +	Barn og unge er i hovudsak målgruppa til eit slikt hestesportsenter. Difor har eit av hovedkriteria i val av plassering vore at det skal ligg sentralt i Florø med enkel tilkomst frå bustadområda. Der er gode sykkel- og gangvegar fram til området.
Miljø		
Friluftsliv og rekreasjon	Positiv +	Omgjering av området til hestesportsenter vil føre til at eit skogsområde blir redusert, noko som betyr redusert mulighet for friluftsliv. Men dette området er relativt lite brukt og delar av det er "ødelagt" av jordmassedeponi. Eit hestesportsenter her vil auke muligheten for mange til å drive med hest. Ein sentral del av det er riding og omgang med hest ute i nærområdet.
Kulturminne og kulturmiljø	Ingen 0	Det er ikkje registrert automatisk fredda kulturminner i området.
Landskap	Middels/usikker negativ --	Hestesportsenter vil krevje relativt store bygningar som vil ruve i terrenget. Men denne type bygningar vil stå naturleg i stil med driftsbygningane på nabogarden. Det vil likevel bli avgjerande korleis ein plasserer dei i terrenget. Dette må avklarast meir detaljert i detaljreguleringsplan.
Naturverdiar og biologisk mangfald	Ingen 0	Det er ikkje registrert viktige naturtypar eller raudlisteartar i området.
Naturressursar (landbruk og fiske)	Middels/usikker negativ --	Området har ca 5 da fulldyrka jord. Resten består av skrinn skogsmark av liten verdi. Konsekvensen for landbruksjorda vil ein ikkje fullt ut få oversikt over før ein har detallteikna/prosjektert anlegget.
Energibruk	Liten negativ -	Bygningane vil ikkje vere fullisolerte og ha avgrensar behov for oppvarming. Den vesentlege energibruken knytta til eit hestesportsenter vil vere transport av folk til og frå. Men ved å plassere det sentralt, vil flest mogeleg brukarar kunne gå eller sykle.
Støy	Liten negativ -	Hestesportsenteret vil generere lite støy. Men for dei nærmaste naboane kan dette bli ei ulempe.
Luftforureining	Liten negativ	Sjå Energibruk.
Snitt (totalscore/ant tema)	-0,33	Tilrådd. Nytt areal til hestesportsenter har vore omdiskutert i mange år og fleire lokasjonar har vore vurdert. Dette er etter vår mening den beste lokaliseringa, med minst negative konsekvensar. Avbøtande tiltak må innarbeidast i detaljreguleringsplan.

Aktivitetsområde for hundeklubben på Nybømarka, BIA3



Tema	Konsekvens	Merknad/grunngjeving
Samfunn		
Areal og transport	Positiv +	Området ligg sentralt til med kort gå/sykkelavstand for mange, ligg tett på veg, tett på opparbeidd turvegsystemet og det har ein parkeringsplass for ein stor trafo med god kapasitet for større arrangement. Området ligg dessutan naturleg inntil eit større grønt- og friområde noko som gir luft og rom for frislepp av hundane i tillegg.
Infrastruktur og offentlege tenester	Positiv +	Den einaste infrastrukturen som krevst er gode tilkomstforhold, og her er veg med gang/sykkelveg og eit godt utbygd turveg og turstinett.
Universell utforming	Positiv +	Området har god tilkomst, ligg på ei flate og er allereie universelt utforma.
Barn og unge	Positiv +	Sjå over.
Miljø		

Friluftsliv og rekreasjon	Positiv +	Tiltaket er ein naturleg samlingsplass for folk med hund. Det vil såleis vere med på å betre forholda og auke motivasjonen for dei til å komme seg ut med hunden. På same tid vil det å ha ein slik samlingsplass føre til mindre frislepp av hund andre stader. Dette vil vere positivt for dei som er redd for hund. Det er dermed ein klassisk vinn-vinn situasjon som fører til at fleire kjem seg ut på tur.
Kulturminne og kulturmiljø	Ingen 0	Det er ikkje registrert automatisk freda kulturminner i området.
Landskap	Ingen 0	Hundebana er etablert på ei flate nede i ein dal tett på veg og tett på eit stort trafobyg. Der er planlagt eit lite hus, men det er heilt ubetydeleg samanlikna med den store trafoen like ved. Huset er og tenkt utforma i same stil som trafoen.
Naturverdiar og biologisk mangfald	Ingen 0	Det er ikkje registrert viktige naturtypar eller raudlisteartar i området.
Naturressursar (landbruk og fiske)	Ingen 0	Ingen.
Energibruk	Liten negativ -	Tiltaket medfører noko biltrafikk til dei organiserte treningane.
Støy	Liten negativ -	Sjå Energibruk.
Luftforureining	Liten negativ -	Sjå Energibruk.
Snitt (totalscore/ant tema)	0,17	Tilrådd.

Naustområde i Østvika, BAB1



Tema	Konsekvens	Merknad/grunngjeving	
Samfunn			
Areal og transport	Liten negativ -	Området ligg skjerma til for ver og vind og er godt eigna til naust- og bryggeformål. Det vil kun ta høgde for gangtilkomst. Ulempen er at det ikkje er andre tiltak på neset.	
Infrastruktur og offentlege tenester	Ingen 0	Ikkje relevant.	
Universell utforming	Liten negativ -	Arealet vil ikkje kunne stette krava til universell utforming.	
Barn og unge	Ingen 0	Tiltaket vil medføre redusert mulighet til og oppleveling av strandsona for barn og unge akkurat her. Formildande er dei gode forholda i nærheten på Sørstrand og Brandøya, sjå Friluftsliv og rekreasjon.	
Miljø			
Friluftsliv og rekreasjon	Middels/usikker negativ --	Tiltaket ligg i strandsona og det vil medføre ei viss privatisering. Det ligg og i ei strandsone på Florelandet, der presset på slike er stort. Formildande er at heile Østvika-området er allereie privatisert, då her er naust, båtbrygge og hage heilt ned i strandsona like ved, og det har vore slik i fleire tiår. Den enklaste tilkomsten er gjennom eit privat tun. Området er difor lite brukt av andre enn bebuarane i området. Nord for Østvika ligg Kystmuseet og det statleg sikra friluftsområdet Brendøya med gode turvegar. Litt lengre sør ligg Florøs nye offentlege badeplass og friluftsområde Sørstrand med turvegar og fleire fasilitetar. Begge gir god tilkomst til strandsona og er mykje brukt. Ein nyleg reguleringsplan for Sørstrand legg til rette for ein	

		turveg nordover og opp i Sørstrandvegen. Denne kommunedelplanen legg opp til å vidareføre denne i eit grøntområde vidare til Kystmuseet. Konsekvensane for friluftslivet og tilgangen til strandsona er såleis tatt godt i vare totalt sett i området.
Kulturminne og kulturmiljø	Ingen 0	Det er ikkje registrert automatisk freda kulturminner i området.
Landskap	Liten negativ -	Det blir kun lagt opp til eit naust og i same volum og form som tilsvarande i nærlieken. Konsekvensen vil derfor bli liten.
Naturverdiar og biologisk mangfald	Middels/usikker negativ --	Det er ikkje registrert viktige naturtypar eller raudlisteartar i området, men tiltaket ligg i ei strandsone på Florelandet som er pressa frå før.
Naturressursar (landbruk og fiske)	Ingen 0	Ingen
Energibruk	Ingen 0	Ingen
Støy	Liten negativ -	Vil medføre noko støy frå småbåt til og frå naust/brygge, men dette vil i hovudsak berøre dei private bebuarane i Østvika.
Luftforureining	Liten negativ -	Vil medføre noko støy frå småbåt til og frå naust/brygge.
Snitt (totalscore/ant tema)	-0,75	Tilrådd under tvil. Det har i mange år vore diskutert mulighet for å legge ein allment tilrettelagt turveg forbi her frå Kystmuseet til Sørstrand. Pga det privatiserte området i Østvika har dette vist seg svært vanskeleg. Det er i nyleg reguleringplan regulert turveg frå Østvikvegen til Sørstrand noko lengre mot vest. I denne kommuneplanen som denne KU-en er ein del av, legg vi og opp til vidareføring av turvegen i skogsområdet nordvest for Østvika til Kystmuseet. Dette vil i enda mindre grad aktualisere ein turveg heilt i strandsona.

Naustområde i Gunhildvågen BAB2



Tema	Konsekvens	Merknad/grunngjeving
Samfunn		
Areal og transport	Liten negativ -	Området ligg i all hovudsak med Naustformål i eksisterande plan. Det nye er ei utviding inn i framtidig bustadformål lengst vest. Men hoveddelen av det neset vi berører foreslår vi endra frå framtidig Bustad til LNF, og vil såleis ha ein positiv effekt.
Infrastruktur og offentlege tenester	Positiv +	Områder tett utbygd med naust frå før med god vegtilkomst.
Universell utforming	Positiv +	Området har god tilkomst og kan opparbeidast for universell tilkomst med små justeringar.
Barn og unge	Ingen 0	Ikkje relevant
Miljø		
Friluftsliv og rekreasjon	Liten negativ -	Sjå Areal og transport.

Kulturminne og kulturmiljø	Ingen 0	Det er ikkje registrert automatisk freda kulturminner i området.
Landskap	Liten negativ 0	Sjå Areal og transport.
Naturverdiar og biologisk mangfald	Ingen 0	Det er ikkje registrert viktige naturtypar eller raudlisteartar i området.
Naturressursar (landbruk og fiske)	Ingen 0	Ingen.
Energibruk	Ingen 0	Ubetydeleg endring.
Støy	Liten negativ -	Lita utviding, liten konsekvens.
Luftforureining	Liten negativ -	Lita utviding, liten konsekvens.
Snitt (totalscore/ant tema)	-0,17	Tilrådd. Sidan naboarealet bli omgjort frå bustad til LNF vil vi tilrå denne.

Naustområde på Nordnes BAB1



Tema	Konsekvens	Merknad/grunngjeving
Samfunn		
Areal og transport	Liten negativ -	Området ligg kloss i veggen og der vore eit naust der lenge. I gjeldande plan ligg arealet i heile bukta som grøntområde og her har vore tiltenkt ein samanhengande sti rundt langs sjøen. Dette er imidlertid ikkje fysisk mogeleg pga høge skrentar på begge sider samt båtverkstad mot aust. Området innerst i vika eiganr seg godt til naustformål pga det er skjerma mot ver og vind og har god vegtilkomst.
Infrastruktur og offentlege tenester	Positiv +	Sjå over. God vegtilkomst.
Universell utforming	Positiv +	Området har god tilkomst og kan opparbeidast for universell tilkomst med små justeringar.
Barn og unge	Liten negativ -	Tiltaket vil kunne redusere barn i nærområdet sin tilkomst til fjæra.
Miljø		
Friluftsliv og rekreasjon	Liten negativ -	Sjå Areal og transport og Barn og unge.


Kulturminne og kulturmiljø	Ingen 0	Det er ikkje registrert automatisk freda kulturminner i området.
Landskap	Liten negativ -	Området ligg heilt nede i eit dalføre, tett på ein veg og opnar ikkje for eit mykje større naust enn i dag. Landskapsmessig vurderer vi difor konsekvensane som små.
Naturverdiar og biologisk mangfald	Ingen 0	Det er ikkje registrert viktige naturtypar eller raudlisteartar i området. Tiltaket lig i strandsona, men opnar ikkje for endra bruk i forhold til i dag sidan det allereie ligg eit naust og har vore brukt til det i fleire tiår.
Naturressursar (landbruk og fiske)	Ingen 0	Ingen.
Energibruk	Ingen 0	Ingen.
Støy	Ingen 0	Ingen.
Luftforureining	Ingen 0	Ingen.
Snitt (totalscore/ant tema)	-0,17	Tilrådd. Endra arealformål endrar ikkje dagens bruk.

Fortetting B1, B2, B3 + vidareføring av områderegulering Knapstadmarka BKB3

I B1 vil ein kor det er mogeleg tillate noko høgare utnyttlesgrad av tomtene for å gje mogelegheit rehabiliteringsprosjekt.


I B2 vil det vere mogeleg å auke antall bustader gjennom "eplehagefortetting", høgare utnytting av tomter, og auka etasjehøgd der det høver seg. B3 vil kunne byggast med svært høg utnytting og så mange etasjer det er mogeleg å etablere utan å hindre utsikt frå eksisterande bustader, utsiktpunkt og turstiar. B3 konsekvensutgreiast for seg sjølv.

Områderegulering Knapstadmarka – BKB3 -vidareførast med tanke på eit tredje framtidig knutepunkt i Florø



Tema	Konsekvens	Merknad/grunngjeving
Samfunn		
Areal og transport	Middels/usikker negativ --	Området er gradvis bygd på 70-80-talet med einebustader og innslag av rekkehus. Området oppfyller ikkje krava til eksisterande knutepunkt slik det er definert i planomtalen. Til dømes ligg store delar av Havreneset utanfor 15 min gåavstand til sentrale funksjonar. Vi meiner likevel at det er gode grunnar for å utnytte den infrastrukturen som er lagt og vidareutvikle og bygge vidare på den, og områda vil ligge innanfor gangavstand til eit framtidig knutepunkt på Knapstadmarka. Areala har og generelt høge bukvalitetar med gode solforhold både heile dagen og gjennom heile året. Sjølv i Florø er dette ganske unikt.
Infrastruktur og offentlege tenester	Middels/usikker negativ --	Hovedvegen Havrenesvegen er relativt nyopprusta med nytt VA i grunnen og gang/sykkefelt. Men dei ulike internvegane i bustadfelta er til dels gamle og smale og her er til dels gamle VA-anlegg. Det er relativt langt (særleg for små barn) til nærmeste skule (Flora barneskule) og andre offentlege tenester i sentrum.
Universell utforming	Positiv +	Området har i alle hovudsak flatt og universell utforming er lett å oppnå i dei aller fleste tilfeller.
Barn og unge	Middels/usikker negativ --	Sjå over ift lang skuleveg.
Miljø		
Friluftsliv og rekreasjon	Ingen 0	Der er korte avstandar til Storåsen med relativt godt tilrettelagt tilkomst for gåande og syklande, samt nærliekeplassar.
Kulturminne og kulturmiljø	Positiv +	Dei registrert automatisk freda kulturminna i området er ivaretatt av bandlegging etter kulturminnelova (H730-soner) og registrerte viktige krigsminner frå 2.verdskrig er ivaretatt med både friområder og omsynsoner for kulturminner (H560).
Landskap	Liten negativ -	Området eignar seg til ei viss grad av fortetting, men omfanget av det er spesifisert og tilpassa i føreseggnene. Ein viss redusert verdi for landskapet vil likevel all bygging ha, men i det store bildet vurderer vi konsekvensen som liten.
Naturverdiar og biologisk mangfold	Ingen 0	Det er ikkje registrert viktige naturtypar eller raudlisteartar i området.
Naturressursar (landbruk og fiske)	Ingen 0	Konsekvensane for landbruksjord ved utbygging av Knapstadmarka er vurdert i den relativt nye reguleringsplanen. Endringa her går på høve til høgare utnytting, som jo er positivt når ein først har tatt slikt areal i bruk. Spesifikt for jordbruk meiner vi at her er ingen endring.
Energibruk	Middels/usikker negativ --	Fortetting her vil føre til meir bilbruk inn mot sentrumsfunksjonane.
Støy	Liten negativ -	Meir bygging vil og føre til meir støy. Dette vil bli kompensert for med støyavbøtande tiltak i dei enkelte tilfelle.
Luftforureining	Liten negativ -	Sjå Energibruk.
Snitt (totalscore/ant tema)	-0,5	Tilrådd. I eit lengre perspektiv er det gode grunnar for å tilråd tettare utbygging her. Den viktigaste grunnen er dei unike sol og lysforholda i Havreneset som både er gunstig energimessig, men og gjer det spesielt attraktivt å bu her. Fleire bustader og tilrettelegging for bornafamiliar i Havreneset vil på sikt kunne medføre etablering av skule her, og dermed bli eit knutepunkt.

Bustad B3




Tema	Konsekvens	Merknad/grunngjeving
Samfunn		
Areal og transport	Middels/usikker negativ --	Området ligg i Havreneset i same området som førre. Det oppfyller såleis ikke krava til knutepunkt vist til i planomtalen. Dette arealet har ca 15 min gåavstand til sentrum og sentrale offentlege funksjonar. Arealet er i dag ubebygd og eignar seg til relativt høg og tett utbygging.
Infrastruktur og offentlege tenester	Middels/usikker negativ --	Hovedvegen Havrenesvegen er relativt nyopprusta med nytt VA i grunnen og gang/sykkefelt. Arealet ligg tett på vegen. Det er relativt langt (særleg for små barn) til nærmeste skule (Flora barneskule) og andre offentlege tenester i sentrum.
Universell utforming	Positiv +	Det vil vere enkelt å oppnå for dette området.
Barn og unge	Middels/usikker negativ --	Sjå over ift lang skuleveg.
Miljø		

Friluftsliv og rekreasjon	Positiv +	Der er korte avstandar til Storåsen med relativt godt tilrettelagt tilkomst for gåande og syklande, samt nærliekeplassar.
Kulturminne og kulturmiljø	Ingen 0	Det er ikkje registrert automatisk freda kulturminner i området.
Landskap	Liten negativ -	Blokker på 3 etg vil alltid gje negative konsekvensar for landskapet. Men dette arealet tåler høgde fordi: 1. Det ligg nede i ei dump med hovedvegen like bak, 2. Bak vegen ligg ei blokk på 4 etg, 3. Bak der igjen reiser Storåsen seg bratt opp.
Naturverdiar og biologisk mangfald	Ingen 0	Det er ikkje registrert viktige naturtypar eller raudlisteartar i området.
Naturressursar (landbruk og fiske)	Ingen 0	Ingen.
Energibruk	Liten negativ -	Energimessig er det gunstig å bygge høgt og tett. Området har gode solforhold. Området ligg tett på hovedveg, men litt langt unna sentrum og sentrale funksjonar som difor vil generere noko biltrafikk.
Støy	Liten negativ -	Området ligg tett på hovedvegen og vil difor vere utsatt for støy. Men blokka vil fungere som ein støyskjerm for uteområda mot vest. Og hoveddelen av trafikken skjer på dagtid, då folk er minst i bustaden.
Airforureining	Liten negativ -	Sjå Energibruk ift biltrafikk.
Snitt (totalscore/ant tema)	-0,67	Tilrådd. Viser til dei same vurderingane som over. Bygging må ta høgde for støy og gjerast avbøtande tiltak.

Bustad Gartnerihagen, B8

Gartnerihagen vil ha høg utnytting og etasjehøgd tilpassa karakteren i nabolaget. Tilbakemeldingar frå Fylkesmannen i Vestland kring reguleringsplan som har vore på høyring må takast med som førande for føresegnene. Her kjem også ny tilkomstveg. Tilkomstveg o_SV4 og bustadområde skal detaljregulerast samla.



Tema	Konsekvens	Merknad/grunngjeving
Samfunn		
Areal og transport	Liten negativ -	Området har ei sentral plassering med kort gåavstand til sentrum, alle skular og fleire barnehagar. Det er såleis gunstig å tillate høg utnytting. Ulempen er at det skil seg frå gjeldande utbygging i området som har ei blanding av tradisjonelle einebustader og rekkehus. Tilkomsten til området blir løyst med ein heilt ny tilkomstveg.
Infrastruktur og offentlege tenester	Positiv +	Området vil med ny tilkomstveg få god biltilkomst til hovedvegsystemet. Der er god kapasitet for både VA og straum. Der er kort gåavstand til alle skular og fleire barnehagar og forholda for gåande og syklande er gode.
Universell utforming	Positiv +	Området er relativt flatt og vil enkelt kunne oppnå fullverdig universell utforming.
Barn og unge	Positiv +	Sjå over ift avstand til skular og BH. Området ligg tett på grøntområdet rundt Storevatnet og eit godt utbygd turstinett rundt vatna og over Storåsen og Littleåsen. Næraste nabo er Storevatnet BH med opparbeidd leikeplass. Det er 100 m til Eventyrskogen, ein relativt "urørt" skog til å ligge så nær sentrum. Området har krav til reguleringsplan der også gode fellesareal må opparbeidast på tomta.
Miljø		
Friluftsliv og rekreasjon	Positiv +	Sjå Barn og unge
Kulturminne og kulturmiljø	Ingen 0	Det er ikkje registrert automatisk freda kulturminner i området.
Landskap	Middels/usikker negativ --	Ei relativt høg og tett utbygging skil seg frå eksisterande bebyggelse og endre karakteen på området i stor grad. Fordelen er at dei høgste bygga ligg lengst bak mot Storevatnet med eit skogbelte bakom som vil dempe høgdeverknaden.
Naturverdiar og biologisk mangfald	Ingen 0	Det er ikkje registrert spesielt viktige naturtypar eller raudlisteartar i området.
Naturressursar (landbruk og fiske)	Liten negativ -	Arealet er i hovudsak gammal innmark, men det har ikkje vore drift på fleire tiår.
Energibruk	Positiv +	Energimessig vil slik bygging vere svært god pga sentral plassering, gode solforhold og høg utnytting.
Støy	Liten negativ -	Ei utbygging på 100 nye bueiningar vil føre til meir støy for nabobar i form av biltrafikk. Fordelen er at den sentrale plasseringa vil redusere behovet for bil.
Luftforureining	Positiv +	Ei så sentral utbygging vil redusere biltrafikk og dermed luftforureining samanlikna med utbygging meir perifert.
Snitt (totalscore/ant tema)	0,08	Tilrådd. Det er sjeldan at eit så stort sentrumsnært areal gir opning for bygging av bustader. Det meiner vi må utnyttast til å bygge maksimalt av det som kan aksepteras utan å redusere bukvalitet.

Bustad Kinnvegen, B7



Tema	Konsekvens	Merknad/grunngjeving
Samfunn		
Areal og transport	Positiv +	Området er eit svært sentralt areal med kort gåavstand til "alt" i Florø der store deler av arealet er ubebygd.
Infrastruktur og offentlege tenester	Positiv +	Nyleg oppgradert Kinnvegen med ny gang/sykkelveg og nytt VA og EL i grunnen. 5 min gåavstand til sentrum, 3 skular og 3 barnehagar.
Universell utforming	Positiv +	Mesteparten av området får enkelt universell utforming. Eit hjørne i nordvest ligg på ei høgde og der vil det vere vanskelegare å oppnå.
Barn og unge	Positiv +	Sjå over. I tillegg til kort veg til skular og barnehagar ligg området tett på tur- og grøntområda rundt Storevatnet og Littlevatnet, samt 5 min gåavstand til idrettsanlegga ved stadion.

Miljø		
Friluftsliv og rekreasjon	Positiv +	Sjå over.
Kulturminne og kulturmiljø	Ingen 0	Det er ikkje registrert automatisk freda kulturminner i området.
Landskap	Liten negativ -	All utbygging gir negative konsekvensar, men størsteparten av det ubebygde arealet ligg flatt nede ved vegen med eit høgdedrag med hus oppå bakanfor.
Naturverdiar og biologisk mangfald	Liten negativ -	Det er ikkje registrert spesielt viktige naturtypar eller raudlisteartar i området.
Naturressursar (landbruk og fiske)	Ingen 0	Ingen.
Energibruk	Positiv +	Energimessig vil tettare utbygging her vere svært god pga sentral plassering og gode solforhold.
Støy	Liten negativ -	Området ligg tett på hovedveg med den støyen, men ved å bygge tett på vegen kan ein lett oppnå skjerma uteareal på baksida.
Luftforureining	Positiv +	Sjå Energibruk.
Snitt (totalscore/ant tema)	0,33	Tilrødd.

Bustad Kinnvegen, BS2

Ubrukt tomt for tidlegare matvarebutikk sentralt plassert ved krysset Kinnvegen/Professor Gjelsvikveg kan vidareutviklast med høg utnytting og med kombinasjon av næring i 1.etg og bustad over.




Tema	Konsekvens	Merknad/grunngjeving
Samfunn		
Areal og transport	Positiv +	Området er eit svært sentralt areal med kort gåavstand til "alt" i Florø. Ulempen er at det har veg på to sider, men bygga kan plasserast slik at ein får eit godt skjerma uteområde.
Infrastruktur og offentlege tenester	Positiv +	Nyleg oppgradert Kinnveg med ny gang/sykkelveg og Professor Gjelsvikveg, begge med nye VA og EL i grunnen. 5 min gåavstand til sentrum, 3 skular og 3 barnehagar.
Universell utforming	Positiv +	Enkelt å utforme universelt.
Barn og unge	Positiv +	Sjå over. I tillegg til kort veg til skular og barnehagar ligg området tett på tur- og grøntområda rundt Storevatnet og Litlevatnet, samt 5 min gåavstand til idrettsanlegga ved stadion.
Miljø		

Friluftsliv og rekreasjon	Positiv +	Sjå over
Kulturminne og kulturmiljø	Ingen 0	Det er ikke registrert automatisk freda kulturminner i området.
Landskap	Liten negativ -	Området er flatt, men det er både hus tett på og vegar på to sider, så det tåler høgare og meir "urban" bygging. På andre sida av Kinnvegen stig terrenget bratt opp med hus oppå. Dette vil vere med på å dempe effekten av bygget.
Naturverdiar og biologisk mangfald	Positiv +	Her er ikke gjenverande natur igjen, kun eit bygg og asfalerte flater. Ei utbygging her med krav om uteoppholdsareal og grøntstruktur vil bety auka biologisk verdi.
Naturressursar (landbruk og fiske)	Ingen 0	Ingen.
Energibruk	Positiv +	Energimessig vil slik bygging vere svært god pga sentral plassering, gode solforhold og høg utnytting.
Støy	Liten negativ -	Det vil vere støy frå biltrafikk på to kantar, men uteområda vil enkelt kunne skjerma vha bygga.
Luftforureining	Positiv +	Sjå Energibruk. Samanlikna med bygging meir perifert gir slik bygging mindre biltrafikk.
Snitt (totalscore/ant tema)	0,5	Tilrådd.

Bustad Bjørkum – Sjøvegen, B9


Utvikling av eit eksisterande bustadområde til meir bygging. Strandlinja er teken med her med tanke på eventuelle vefsambindingar og best mogeleg totalløysing. Krav om reguleringsplan.



Tema	Konsekvens	Merknad/grunngjeving
Samfunn		
Areal og transport	Liten negativ -	Området ligg sentralt med korte avstandar til sentrale offentlege funksjonar og butikk. Området er delvis utbygd tradisjonelt med einebustader, men er her ein god del ubrukt areal. Ikke god nok tilkomstforhold per i dag, dette må løysast gjennom detaljreguleringsplan.
Infrastruktur og offentlege tenester	Liten negativ -	Sjå over.
Universell utforming	Middels/usikker negativ --	Området krever ny og betre tilkomst, arealet er til dels kupert og delar av arealet vil difor vere vanskeleg å oppnå universell utforming, men dette må betre avklarast i reguleringsplan.
Barn og unge	Positiv +	Sjå Areal og transport. Kort og trygg veg til skule og barnehage. I tillegg har området kort veg og gode forhold for tilkomst til Brandsøyåsen og godt opparbeidde turvegar og -stiar der. Området grensar direkte til sjø og opnar enkelt for leik i strandsona.

Miljø		
Friluftsliv og rekreasjon	Positiv +	Sjå Barn og unge
Kulturminne og kulturmiljø	Ingen 0	Det er ikke registrert automatisk freda kulturminner i området.
Landskap	Liten negativ -	Det kuperte og varierte landskapet her tåler godt meir bygging, og gjennom detaljreguleringsplan kan ein differensiere dette.
Naturverdiar og biologisk mangfald	Liten negativ -	Det er ikke registrert spesielt viktige naturtypar eller raudlisteartar i området. Men strandsona må sikrast gjennom detaljreguleringsplan.
Naturressursar (landbruk og fiske)	Ingen 0	Ingen.
Energibruk	Positiv +	Energimessig vil meir bygging her vere god pga sentral plassering og gode solforhold.
Støy	Liten negativ -	All utbygging vil generere noko støy, men den sentrale plasseringa her vil stimulere til mindre bilbruk.
Luftforureining	Liten negativ -	Sjå Støy.
Snitt (totalscore/ant tema)	-0,42	Tilrødd. Deler av dei negative konsekvensane kan i avbøtast i detaljreguleringsplan.

Havikbotn – frå bustad til LNF



Stort område nord for Solbakken endrast frå bustad i gjeldande plan til LNF (L). Her er ein reguleringsplan som tilrettelegg for ca 200 bustader. Vi vurderer at nærliken til det store aktive og veksande industriområdet på Fjord Base med tilhøyrande støy gjer området lite eigna til bustadformål, då utbygging av bustadar i dette området vil legge begrensingar på utvikling innafor industriområdet på grunn av støykrav. Det er vidare eit vesentleg poeng at aktiviteten på basen er døgnkontinuerleg og, for bustader er særleg støy på kveld og nattestid eit problem. Også eit område lengre aust i Havikbotn er tilbakeført til LNF (LS) Området mellom desse er vidareført då utbygging av området allereie har starta.

Bustad Botnaholten vest, B14

Utviding av eksisterande bustadfelt kor høgdeforskjellen og den kartlagte stien har vore avgjerande for avgrensinga. Feltet skal ha tilkomst frå eksisterande bustadfelt mot nord. Avstanden til sentrum tilseier ingen bygging her, men kort veg til Tormyrane skule og barnehage veg tungt.




Tema	Konsekvens	Merknad/grunngjeving
Samfunn		
Areal og transport	Stor negativ ---	Området ligg i randsona til knutepunkt for Krokane. Ei ulempe er at der er stor høgdeskilnad ned dit og utbygging her vil legge opp til bilbruk til sentrum og idrettsanlegg. Arealet strekk seg langs og ein rygg og vil betyr store terrenginngrep. Men fordelen er at det ligg heilt kloss i Tormyrane skule og barnehage, det bygger vidare på eit eksisterande bustadfelt, det har gode solforhold og det ligg tett på ein nyleg opparbeidd lysett turveg ned til Krokane.
Infrastruktur og offentlege tenester	Liten negativ -	Bygger vidare på eit eksisterande bustadfelt med god VA og EL-kapasitet og kort avstand til skule og BH. Lang avstand til sentrumsfunksjonane.
Universell utforming	Middels/usikker negativ --	Universell utforming kan løysast lokalt i feltet. Men området ligg ca 100 m.o.h. og krav om universell tilkomst kan ikkje løysast.
Barn og unge	Positiv +	Svært tett på skule og barnehage med tilhøyrande gode leikeplassar. Tett på skogen i fleire retningar og eit godt nyleg oppgradert turveg- og turstinett i Brandsøyåsen og ned til Krokane. Ulempene er todelt 1. Det er både lang veg og stor høgdeskilnad til idrettsanlegga på Florelandet, noko

		som i praksis krever biltransport.
Miljø		
Friluftsliv og rekreasjon	Positiv +	Sjå Barn og unge.
Kulturminne og kulturmiljø	Ingen 0	Det er ikkje registrert automatisk freda kulturminner i området.
Landskap	Stor negativ ---	Utbygging her vil føre til at meir av skogen forsvinn som både skjermar mot eksisterande bustader og som vil gje redusert verdi i den turvegtraseen som går forbi. Arealet ligg langs eit høgdedrag og vil krevje relativt store terrengingngrep både for tilkomst og etablering av tomter. Noko av dette kan delvis løysast gjennom avbøtande tiltak i detaljreguleringsplan. Det ytste utsiktpunktet mot vest bør unngås, samt at det bør ikkje byggast for tett slik at mest moglege terren og skog blir bevart.
Naturverdiar og biologisk mangfald	Ingen 0	Det er ikkje registrert spesielt viktige naturtypar eller raudlisteartar i området.
Naturressursar (landbruk og fiske)	Ingen 0	Vi vurderer verdien på det reduserte skogarealet her som ubetydeleg.
Energibruk	Middels/usikker negativ --	Ein konsekvens av meir bygging her betyr meir biltrafikk til sentrum og sentrale funksjonar.
Støy	Liten negativ -	Genererer meir biltrafikk og dermed meir støy.
Luftforureining	Middels/usikker negativ --	Sjå energibruk.
Snitt (totalscore/ant tema)	-1	Tilrådd under tvil. Den store bustadmotoren er Tormyrane skule og barnehage, i tillegg til turområdet Brandsøyåsen. Dei store negative konsekvensane kjem dels av at det ligg langt frå sentrum og med stor høgdeskilnad, samt at det vil ei stort inngrep i eit eksisterande grøntområde som er mykje brukt til nærfriluftsliv. Antal einingar og utforminga av detaljreguleringa vil her vere avgjerande for den endelege konsekvensen av tiltaket.

Bustad Botnaholten aust, B16 og B17

Vidareføring av B14 og B15 frå gjeldande KDP. Området er noko redusert i sør pga bratt topografi. Samanlikna med gjeldande plan er ikkje dette å ansjå som nytt areal. Vi vel likevel å KU-utgreie sidan gjeldande plan er 12 år gammal og for å ha eit samanlikningsgrunnlag med andre bustadområder.



Tema	Konsekvens	Merknad/grunngjeving
Samfunn		
Areal og transport	Middels/usikker negativ --	For dette området gjeld mykje av dei same problemstillingane som førre felt. Området fell heilt utanfor knutepunkt med senter på Krokane. Det er langt og stor høgdeskilnад til sentrum og dei sentrale funksjonane der. Fordelen er at det ligg tett på Torvmyrane skule og BH, det bygger vidare på eit eksisterande bustadfelt og energimessig er det gunstig med sol heile året og dagen.
Infrastruktur og offentlege tenester	Liten negativ -	Bygger vidare på eit eksisterande bustadfelt med god VA og EL-kapasitet og kort avstand til skule og BH. Lang avstand til sentrumsfunksjonane.
Universell utforming	Middels/usikker negativ	Universell utforming kan løysast lokalt i feltet. Men området ligg ca 100 m.o.h. og krav om universell tilkomst kan ikkje løysast.

	--	
Barn og unge	Positiv +	Svært tett på skule og BH med tilhøyrande gode leikeplassar. Tett på skogen i fleire retningar og eit godt nyleg oppgradert turveg- og turstinet i Brandsøyåsen og ned til Krokane. Ulempen er at det er både lang veg og stor høgdeskilnad til idrettsanlegga på Florelandet, noko som i praksis krever biltransport.
Miljø		
Friluftsliv og rekreasjon	Positiv +	Sjå Barn og unge
Kulturminne og kulturmiljø	Ingen 0	Det er ikkje registrert automatisk freda kulturminner i området.
Landskap	Stor negativ ---	Bygging her betyr at ein tar i bruk enda meir av den "urørte" delen av Brandsøyåsen. Det er og eit ganske stort areal, så omfanget er stort. Formildande er at det er ei naturleg forlenging av eksisterande bustadfelt på Torvmyrane. Ein god reguleringsplan som sørger for grønne korridorar og gode føresegner kan vere avbøtande i stor grad.
Naturverdiar og biologisk mangfald	Liten negativ -	Det er ikkje registrert spesielt viktige naturtypar eller raudlisteartar i området. Men området er så stort at sjølv med liten verdi så er tap av natur så stort at det gir ein viss negativ konsekvens.
Naturressursar (landbruk og fiske)	Liten negativ -	Vi vurderer ressursverdien av skogen som liten, men pga storleiken gir det negativt utslag.
Energibruk	Liten negativ -	Sjå Areal og transport. Bygging her vil føre til mykke bilbruk til sentrale funksjonar i sentrum. På den positive sida er at areala her har ein næraast optimal plassering ift energibruk i bustaden: Det ligg i skrånande terregn mot sør, noko som betyr sol heile året og heile dagen og naturleg le for nordavinden.
Støy	Middels/usikker negativ --	Medfører auka bilbruk til sentrale sentrumsfunksjonar.
Luftforureining	Middels/usikker negativ --	Sjå Støy.
Snitt (totalscore/ant tema)	-1,08	Tilrådd under tvil. Nokre negative konsekvensar kan avbøtast i detaljreguleringsplan. Men utan skulen og barnehagen hadde desse områda blitt frårådd. Det må og leggast til at eit like stort areal aust for dette området er tatt ut frå gjeldande plan.

Bustad Solheim, B 18

Nytt bustadfelt i krysset opp mot Botnaholten. I randsona på knutepunkt Krokane (innanfor 15 minutters gangavstand). I samband med detaljregulering kan området utvidast noko slik at linja mellom Bjørndalvegen og Brandsøyvegen går rett.



Tema	Konsekvens	Merknad/grunngjeving
Samfunn		
Areal og transport	Middels/usikker negativ --	Området ligg i randsona til knutepunkt for Krokane. Det har lang avstand til sentrum som legg opp til bilbruk til sentrum med sentrale funksjonar der. Men fordelane er relativt kort veg til Torvmyrane skule og BH, gode solforhold og gode gang/sykkelvegar.
Infrastruktur og offentlege tenester	Liten negativ -	Sjå over. I tillegg tett på veg med god VA og EL-kapasitet.
Universell utforming	Middels/usikker negativ --	Arealet er til dels skrått og har ein viss stigning i tilkomstvegen, og vil difor vere vanskeleg å opparbeide med universell utforming i heile feltet.
Barn og unge	Positiv	Sjå Areal og transport. I tillegg har området kort veg og gode forhold for tilkomst til Brandsøyåsen og godt opparbeidde turvegar og -stiar der.

	+	
Miljø		
Friluftsliv og rekreasjon	Positiv +	Sjå Barn og unge.
Kulturminne og kulturmiljø	Ingen 0	Det er ikke registrert automatisk freda kulturminner i området.
Landskap	Liten negativ -	Det er lett skrånande terregn, samt at det er omringa av veg og bustadfelt, og tåler difor bygging godt.
Naturverdiar og biologisk mangfald	Ingen 0	Det er ikke registrert spesielt viktige naturtypar eller raudlisteartar i området..
Naturressursar (landbruk og fiske)	Ingen 0	Ubetydeleg skogsverdi på i omfang og kvalitet.
Energibruk	Liten negativ -	Energimessig er på pluss-sida gode forhold for bygging: Sol heile året og dagen. På minussida er lang veg til sentrum og sentrale sentrumsfunksjonar noko som medfører meir bilbruk.
Støy	Liten negativ -	Sjå Energibruk.
Luftforureining	Liten negativ -	Sjå Energibruk.
Snitt (totalscore/ant tema)	-0,58	Tilrådd. Også her dreg skulen og barnehagen opp til tilrådd.

Bustad Solheim, B 21




Tema	Konsekvens	Merknad/grunngjeving
Samfunn		
Areal og transport	Stor negativ ---	Området ligg utanfor knutepunkt for Krokane. Det legg såleis opp til bilbruk til sentrale offentlege funksjonar både på Krokane og sentrum. Det er og relativt langt (1,5 km) til nærmeste skule og BH som er Torvmyrane. Fordelane er at det sørvendt med gode klimatiske forhold; sol heile året og dagen og det ligg tett på fv 548 med nyleg oppgradert gang/sykkelveg.
Infrastruktur og offentlege tenester	Middels/usikker negativ --	Området ligg tett på hovedvegen fv 548 med god kapasitet på VA og EL, men langt unna alle andre offentlege tenester.
Universell utforming	Middels/usikker negativ --	Området har god tilkomst til området, men internt i arealet er det relativt bratt og kan vere vanskeleg å oppnå universell utforming for heilefeltet.

Barn og unge	Middels/usikker negativ --	Sjå Areal og transport: Relativt lang skuleveg (1,5 km). Fordelane er at det ligg tett på skogen og kloss i opparbeidd turstinett opp i Brandsøyåsen, samt at området grensar direkte til sjø og opnar enkelt for leik i strandsona.
Miljø		
Friluftsliv og rekreasjon	Positiv +	Sjå Barn og unge.
Kulturminne og kulturmiljø	Ingen 0	Det er ikke registrert automatisk freda kulturminner i området.
Landskap	Liten negativ -	Det er bygd mykje i området frå før og topografien er skrånande så desse talar for at arealet tåler meir bygging. Ein godt utforma detaljreguleringsplan kan avdempe landskapsverknadane.
Naturverdiar og biologisk mangfald	Ingen 0	Det er ikke registrert spesielt viktige naturtypar eller raudlisteartar i området. Men strandsona må sikrast gjennom detaljreguleringsplan.
Naturressursar (landbruk og fiske)	Ingen 0	Ubetydeleg skogsverdi i omfang og kvalitet.
Energibruk	Middels/usikker negativ --	Energimessig er på pluss-sida gode forhold for bygging: Sol heile året og dagen. På minussida er lang veg både til skule, BH, til sentrum og sentrale sentrumsfunksjonar noko som medfører meir bilbruk.
Støy	Liten negativ -	Sjå Energibruk.
Luftforureining	Liten negativ -	Sjå Støy.
Snitt (totalscore/ant tema)	-1,08	Totalscoren til dette området tilseier at det ikke bør byggjast fleire bustader i dette området. Ein har likevel valt å ta det med vidare i høyringsperioden, då det ligg i tilknyting til eksisterande bustadar i eit område som er solrikt og med kort veg til nærfriluftsområder.

Bustad Brandsøy B 27


Omgjering av offentleg og barnehageformål til bustad (B27). Den gamle skulen er fjerna, så her er det natrueg å omgjere denne til bustad som ei naturleg utviding av regulert bustadfelt i B28.



Tema	Konsekvens	Merknad/grunngjeving
Samfunn		
Areal og transport	Middels/usikker negativ --	Arealet er eit ubrukt restareal etter at den gamle skulen blei fjerna for mange år sidan. Det vil vere ei naturleg utviding av framtidig bustadformål i B28, der det og føreligg reguleringsplan. Der er kort veg til skule og BH, men langt til sentrum og andre sentrale offentlege funksjonar.
Infrastruktur og offentlege tenester	Liten negativ -	Det er ikkje bygd ut offentleg VA fram til området. EL-kapasiteten er heller ikkje tilfredstillande. Den gang feltet blei regulert var planane om offentleg VA og auka EL-kapastet ikkje langt unna, men dette har blitt skyvd fram i tid. Per no er det usikkert når det vil komme. Tilkomstvegen er og for smal og därleg, det er anbefalt at denne blir regulert og utvida i samband med legging av VA og EL. For gjeldande regplan i B28 er det rekkefølgekrav om nutt VA og EL-anlegg før bygging, med andre ord er dette ivaretatt.
Universell utforming	Positiv +	Området vil med enkle midlar kunne oppnå universell utforming.

Barn og unge	Positiv +	Sjå Areal og transport. I tillegg er her kort veg (ca 300 m) til badeplassen Leira, mange mindre skog/leikeområder i nærområdet og kort og god tilkomst til det godt opparbeidde turstinet i Brandsøyåsen.
Miljø		
Friluftsliv og rekreasjon	Positiv +	Sjå Barn og unge.
Kulturminne og kulturmiljø	Ingen 0	Det er registrert og hensyntatt automatisk freda kulturminner i gjeldande reguleringsplan for området.
Landskap	Positiv +	Arealet er i dag eit sår etter den tidlegare skulen, så ny bugging her vil oppgårdere området.
Naturverdiar og biologisk mangfald	Ingen 0	Det er ikkje registrert spesielt viktige naturtypar eller raudlisteartar i området.
Naturressursar (landbruk og fiske)	Ingen 0	Ingen.
Energibruk	Middels/usikker negativ --	Sjå Areal og transport ang bilbruk..
Støy	Ingen 0	Få bueiningar gir ubetydeleg konsekvens.
Luftforureining	Ingen 0	Få bueiningar gir ubetydeleg konsekvens.
Snitt (totalscore/ant tema)	-0,17	Tilrådd. Sett i samanheng med at Brandsøy skule no blir påbygd for større kapasitet vil dette vere eit fornuftig tiltak.


Kombinert bebyggelse og anleggsformål Krokane, BKB 10



Tema	Konsekvens	Merknad/grunngjeving
Samfunn		
Areal og transport	Middels/usikker negativ --	På området er i dag ein daglegvarebutikk i eitt plan. Det er lagt på kombinert bygge- og anleggsformål fordi ein ser det planmessig fornuftig å kunne legge til rette for bustader i høgda her. Grunnen til det er at Krokane-området oppfyller kriteria for knutepunkt og planmessig er det gunstig å legge til rette for fleire bustader her. Det er tett på skule, barnehage og butikk, med kort veg til friområde. Ulempen er ei blanding av bustad og næring, samt at det ligg tett på riksvegen. Men dette kan løysast pga at vegen ligg mot nord og bustader på toppen her vil kunne byggast mot nord med solrike og gode uterom på sør. På sørsida av bygget er det og lite trafikk og parkering, og det vil såleis vere mogeleg å skjerme. Krokane ligg om lag 2 km frå sentrum, så det vil kunne utløyse noko bilbehov.
Infrastruktur og offentlege tenester	Liten negativ -	Her er godt utbygd el og VA-kapasitet. Det er 2 km til sentrum, noko som i utgangspunktet kan utløyse bilbehov for sentrale offentlege tenester, men det er busstopp tett på.

Universell utforming	Positiv +	Universell utforming for tilkomst løysast enkelt med heis.
Barn og unge	Positiv +	Bustader her vil ikkje få uteophaldsareal på bakkeplan. Men det er kort veg til BH og skule. Uteområdet ved Krokane skule er nyleg oppgradert med eit variert utval av anlegg og aktivitetar.
Miljø		
Friluftsliv og rekreasjon	Positiv +	Det er kort veg til tilkomst til Brandsøyåsen med nye oppgraderte turvegar og turstiar.
Kulturminne og kulturmiljø	Ingen 0	Ikkje relevant
Landskap	Positiv +	Eksisterande butikkbygg har stort flatemål, og vil sjølv med 1-2 etasjar oppå ikkje bli ruvande. Det ligg og i eit utbygd område med mykje vegareal og eit liknande forretningsbygg i nærheten, og vil difor tåle meir bygging i høgda.
Naturverdiar og biologisk mangfald	Ingen 0	Ikkje relevant.
Naturressursar (landbruk og fiske)	Ingen 0	Ikkje relevant.
Energibruk	Liten negativ -	Energimessig er det gunstig å bygge i høgda, og det ligg tett på fleire sentrale funksjonar. Ulempen er avstanden til sentrum som vil kunne generere noko biltrafikk.
Støy	Middels/usikker negativ --	Bygget ligg tett på både riksvegen og lokalvegar på dei andre sidene, samt parkeringsplass til Eurospar rundt bygget. Bygging av leiligheter i høgda krever difor god planlegging som tar omsyn til skjerming mot støy.
Luftforureining	Middels/usikker negativ --	Sjå over.
Snitt (totalscore/ant tema)	-0,42	Tilrådd.

Kombinert bebyggelse og anleggsformål Krokane, BKB 11



Tema	Konsekvens	Merknad/grunngjeving	
Samfunn			
Areal og transport	Middels/usikker negativ --	På området er i dag ein bensinstasjon og eit byggefirma i eitt plan. Det er lagt på kombinert bygge- og anleggsformål fordi ein ser det planmessig fornuftig å kunne legge til rette for bustader i høgda her. Grunnen til det er at Krokane-området oppfyller kriteria for knutepunkt og planmessig er det gunstig å legge til rette for fleire bustader her. Det er tett på skule, barnehage og butikk, med kort veg til friområde. Ulempen er ei blanding av bustad og næring, samt at det ligg tett på riksvegen. Men dette kan løysast pga at vegen ligg mot nord og bustader på toppen her vil kunne byggast mot nord med solrike og gode uterom på sør. På sørsida av bygget er det og lite trafikk og parkering, og det vil såleis vere mogeleg å skjerme. Krokane ligg om lag 2 km frå sentrum, så det vil kunne utløyse noko bilbehov.	

Infrastruktur og offentlege tenester	Liten negativ -	Her er godt utbygd el og VA-kapasitet. Det er 2 km til sentrum, noko som i utgangspunktet kan utløse bilbehov for sentrale offentlege tenester, men det er busstopp tett på.
Universell utforming	Positiv +	Universell utforming for tilkomst løysast enkelt med heis.
Barn og unge	Positiv +	Bustader her vil ikkje få uteoppholdsareal på bakkeplan. Men det er kort veg til BH og skule. Uteområdet ved Krokane skule er nyleg oppgradert med eit variert utval av anlegg og aktivitetar.
Miljø		
Friluftsliv og rekreasjon	Positiv +	Det er kort veg til tilkomst til Brandsøyåsen med nye oppgraderte turvegar og turstiar.
Kulturminne og kulturmiljø	Ingen 0	Ikkje relevant
Landskap	Positiv +	Eksisterande forretningsbygg har stort flatemål, og vil sjølv med 1-2 etasjar oppå ikkje bli ruvande. Det ligg og i eit utbygd område med mykje vegareal og eit liknande forretningsbygg i nærheten, og vil difor tåle meir bygging i høgda.
Naturverdiar og biologisk mangfald	Ingen 0	Ikkje relevant.
Naturressursar (landbruk og fiske)	Ingen 0	Ikkje relevant.
Energibruk	Liten negativ -	Energimessig er det gunstig å bygge i høgda, og det ligg tett på fleire sentrale funksjonar. Ulempen er avstanden til sentrum som vil kunne generere noko biltrafikk.
Støy	Middels/usikker negativ --	Bygget ligg tett på både riksvegen og lokalvegar på dei andre sidene, samt trafikk og parkering/parkering til bensinstasjon og byggefirma rundt bygget. Bygging av leiligheter i høgda krever difor god planlegging som tar omsyn til skjerming mot støy.
Luftforureining	Middels/usikker negativ --	Sjå over.
Snitt (totalscore/ant tema)	-0,42	Tilrådd.